

Saksbehandlar: Marit Silje Årnes Husabø, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 14/428-13

## Skriv og meldingar fylkesutvalet 18. august 2014

1. Eigarskapssak. Ikkje off. - § 23.4.  
Kortversjon av presentasjon i lukka møte møtet 18.08 er vedlagt. Dokumentet er strengt fortruleg, fylkesordføraren viser her til nylege drøftingar og nyleg semje i fylkesutvalet om dette.
2. Budsjetta for perioden 2015-19.  
Fylkesordføraren ønskjer at fylkesutvalet skal ta ei første drøfting av dei framtidige budsjett- og økonomiplanane 18.08. Dette for å sjå om vi kan einast om nokre hovudpunkt *før* vi møter dei tyngre utfordringane i siste halvdel av september. Ei slik drøfting bør vere overordna og ho kan, om naudsynt, vere uforpliktande. Vi treng såleis ikkje føre noko i møteboka utover det at vi har hatt ei første drøfting - for opne dører. Dersom fylkesutvalet er innstilt på ei slik første drøfting no, kan fylkesordføraren tenkje seg at FU tek utgangspunkt i følgjande 5 spørsmål:
  - a. Er det spesielle oppgåver som vi i utgangspunktet er samde om at må prioriterast?
  - b. Er det andre oppgåver som vi alt no er samde om at vi bør kunne vurdere å fase ut?
  - c. Er vi samde om at vi bør prøve å gje prioritet til eitt eller få nye tiltak innretta mot vekst og utvikling? T.d. eit visst beløp til oppfølging av verdiskapingsplanen sitt handlingsprogram – som fylkestinget skal vedtak i desember 2014.
  - d. Er vi samde om at vi må halde oss til gjeldande lover/forskrifter og avtaler, men at det – etter nærare vurderingar – kan vere aktuelt å seie opp nokre slike?
  - e. Er vi samde om at vi må presse på for å få betre rammevilkåra enn dei som ligg i Stortinget sine vedtak av 18. juni? Og korleis gjer vi i så fall dette?
3. Tal representantar i FT og storleiken på partistønaden.  
Frå FU-møteboka 18.06: «FU oppmodar, med grunnlag i drøftinga i finansutvalet 18.06.14, gruppeleiarane om å vurdere talet på medlemmer i fylkestinget frå neste valperiode og nivået på den fylkeskommunale stønaden til partia.»  
Oppfølginga må avklarast.
4. Arbeidsvilkåra for folkevalde.  
Jf. møteboka til FT, sak 11/14 «Kontroll av praktisering av arbeidsvilkåra for folkevalde.»  
Vedtak: «Saka vert utsett. Gruppeleiarane får i oppgåve å kome med ei tilråding i saka.»  
Oppfølginga må avklarast.
5. SJH-saka.  
Oppfølginga av FT-vedtak 14/14. Fylkesrådmannen orienterer.
6. Orientering vedkomande SFE.  
Fylkesordføraren orienterer.
7. Eigaropplæring 22. september  
Ein minner om at det er føreset at det i tilknytning til politikardagen 22.09.14 vil bli halde ei opplæring i eigarskapsarbeid. Tema for opplæringa vil vere eigarrolla og skiljet mellom eigarrolla og rolla som styremedlem. Direktør i KS Bedrift, Bjørg Ravlo Rydsaa, er føredragshaldar.
8. Politiske posisjonar på internasjonale arenaer, notat.

Notatet vart lagt fram for FU 18.06. Det vart då gjort slikt vedtak:  
«Notatet vert handsama i møte i fylkesutvalet 18. august.» Notatet følgjer vedlagt.

9. Rettsleg krav, status. Ikkje off. - § 23.1.  
Fylkesrådmannen orienterer.
10. Sal av gymnasbygget - Sogndal. Ikkje off. - § 23.1.  
Fylkesrådmannen orienterer.
11. Stevning. Ikkje off. - § 18 og § 23.4.  
2 dokument følgjer som vedlegg.